

PROGRAM

Laurdag 3. juni

Kl.15: Opning v/ Mari Maurstad
Ouverture "Dragseidkvida"
"PÅ SVERDEGGJA"

Kl.20: Konsert i Leikanger kyrkje v/Jon Inge
Sigerland med fleire.

Søndag 4. juni:

Kl.14: Ouverture "Dragseidkvida"
"PÅ SVERDEGGJA"

Kl.15.30: Friluftsgudsteneste ved
steinkrossen v/prost Asbjørn Gjengedal

Begge dagane kl. 12 - 18 utstilling i Stadlandet
Grendahus ved Kjerringa Husflidslag. Tema: Gamle
broderi.



Det vert kiosk og matsal
både ved spelelassen og i
Grendahuset.


Det vert oppsett buss for
dei som ikkje vil gå den
gamle kyrkjevegen eller
hovud vegen.





Stadlandet Ungdomslag
6750 Stadlandet
Tlf. 57 85 73 53
Mob.: 90 99 46 14
www.stadlandet-ul.org

Selje Turistinfo:
Tlf: 57 85 66 06

Foto i brosjyra:
FjordenesTidende/
Fløde/Aabrek/Torheim



*Vi skuldar vår vakre
kommune å gjere
deg merksam på
noko av alt det
andre vi kan by på
av natur,
opplevingar og
rekreasjon!*



nytrykk trykkeri, fiskåbygd

DRAGSEID SPELET

«PÅ SVERDEGGJA»

3. - 4. juni 2006



«PÅ SVERDEGGJA»

Forfattar/
Instruktør: Rolf Losnegård
Komponist: Per Janke Jørgensen
Orkesterleiar: Bjørn Jensen
Kordirigent: Svein Anders Aasen
Kostyme: May-Britt Ervik, Bård Fløde

Framført på Dragseidet av over hundre skodespelarar, songarar og musikarar i regi av Stadlandet Ungdomslag.



PÅ SVERDEGGJA

I 1997 stemde Olav Tryggvason fire fylke til tings på Dragseidet på Stadlandet. Friluftsspelet "På Sverdeggja" vart skriva til og hadde urpremiere i samband med 1000-årsjubiléet for denne hendinga. Stykket har såleis ei sterk lokalhistorisk tilknytning, bygd på sagaen om Dragseidtinget og kongen sitt møte med bondehovdingane her i nordvest. I dette møtet er også fletta inn den svært dramatiske saga om Ragnvald frå Ervik og familien hans.



"På Sverdeggja" handlar kort sagt om styrke andsynes makt. Personleg styrke mot verdsleg og geistleg makt, ikkje minst om den krafta som ligg i kjærleik, samvit og sagn.

"På Sverdeggja" hogg djupt i menneskesinnet. Det fyller oss med ettertanke og minner oss på situasjonar der ein jamnt kan ha kjensle av å balansere på ei sverdegg.



For første gong sidan starten i -97, er det med ein profesjonell skodespelar. Det er Roger Hilleren, kjend frå m.a. Syv Søstre, Hotel Cæsar, Pelle Politibil, Kinnaspelet og Billy Bryants Kafé –ein allsidig aktør. Forfattar av spelet, Rolf Losnegård, er dette året også

instruktør/regissør, og kampscenene er iscenesett av Jeff Pedersen, profesjonell scenekampinstruktør. Resultatet av desse nye elementa håper vi både publikum og aktørar vil oppleve som spennande og fornyande!



Spelet vert framført i praktfullt landskap på Dragseidet. Scena er eit vikingetun like ved den store steinkrossen reist til minne om Olav Tryggvason si kristningsferd.

I pinsehelga skjer det igjen på Dragseidet. Grip du sjansen, skal du få ei sterk natur- og teateroppleveling!

